



Fylkeseldrerådet i Troms

Dato: 04.04.2018

Vår ref.: 2017/2682-90

Saksbehandlar: mernord

Dykkar ref.:

## Forslag til saker til uttale frå landskonferansen 2018 for fylkeseldreråda i Noreg

Vi viser til førespurnad om forslag til felles uttalar frå fylkeseldreråda i Noreg, samla til landskonferanse i Tromsø.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare bedt Troms Fylkeseldreråd om å fremja si eiga sak om representasjon i brukarutvala i helseføretaka for landskonferansen, (Sjá vår E-post av 18. Januar 2018 til dykk).

Hordaland Fylkeseldreråd er også oppteken av fylkeseldreråda si rolle i dei prosessane som no går føre seg med å slå saman nokre fylke og nokre kommunar frå 2020. Ikkje minst er det viktig at lovpålegget om at alle fylke og kommunar skal ha eldreråd, blir ståande.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at det i alle desse sakene er viktig å peika på den kompetansen og ressursen som medlemmene i fylkeseldreråda representerer, og at fylkeseldreråda er samansette av eldre og godt vaksne personar med brei erfaring frå organisasjonar, politikk ,friviljug arbeid, og med eigne personlege erfaringar. Såleis representerer medlemmene ein god breidde av den eldre befolkninga. Dette gjeld sjølvagt også medlemmene av dei kommunale eldreråda.

Vi føreslår difor følgjande uttale frå landskonferansen:

"Noreg står no framfor ei stor omforming av strukturen i den geografiske inndelinga av landet ved at fleire fylke og kommunar skal slåast saman. I denne prosessen er det viktig at dei eksisterande fylkeseldreråda og dei kommunale eldreråda blir spurt og høyr i prosessen med å utforma dei nye regionane og kommunane.

Medlemmene i fylkeseldreråda og dei kommunale eldreråda utgjør ein stor samla ressurs med stor kunnskap og kompetanse frå mange felt og kan bidra med brei erfaring frå organisasjonar, politikk, friviljug arbeid og med eigne personlege erfaringar.

Alle fylkeskommunar og alle primærkommunar er i dag lovpålagt å ha eldreråd. Det er viktig at denne representasjonen av eldre i fylke og kommunar held fram som ei lovpålagt ordning. Fylkeseldreråda i Noreg, samla til landskonferanse, oppmodar både gamle og nye fylkeskommunar/regionar og primærkommunar om å nyttiggjøra seg den kompetansen som finst i eldreråda."

Med helsing  
for Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*